

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5.

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Dalsfjord

Emne: Vannbæring

Bygdelag:

Krets: Steinsvik

Oppskr. av: Sverre Lyngnes

Gard:

(adresse): Steinsvik på S.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eigne åtgåingar.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1/ I eldre tid var det vanleg å bera vatn i to bøtter med vasssæk som her kallast h i s s e. Bøygjinga av ordet er uklår, kjønn likeeins. Det heiter ei hisse eller eit hissepar tydinga den same. Eit par døme på bruken: a/ Har de i dykkar gard hisse? b/ Har du sett hissene nokon stad. c/ Det er best å bruke hisse. d/ (bydande) Ta hissene.

Typen som er i bruk - og har vore den vanlege - er den som er nemnd først i spørsmålet. Ein har og sett hisser med berereim over akslene og stokk over magen tilforma. Vanleg er bruka tau og jarnkrokar, stundom trekrokar (av eine). Også jarnlenke er brukt.

Ein har ikkje slutta å bera vatn i trebøtter. Dei er enno i bruk, serleg i fjøs. Men bruken har minka mykje etter som det vart lett å få tak i jarnbøtter. Trebøtter hadde elles ein rennesanse under krigen p.g.a. vansken med jarnkjerald.

2/ Å bera vatn i større kjerald er ukjent her. Galdt det transport av mykje vatn kørde ein i store sår. Å bera på stong er ukjent.

3/ Ukjent her.

4/ Vassberinga har minka i seinare år. Men i tørkebolkar kan det framleis hende ein må til. Vanleg praksis er då - no som før - at kvinnfolka hentar matvatn i husa og mannfolka har ansvar for drikkevatn åt krøtra. Er det langt etter vatn, kører ein det og.

5/ Dette gjeld framleis. Men alle har no innlagt vatn både i stove og fjøs. Vassbering er berre unnataksarbeid i tørke - og frostbolkar.

2

6/ Svvara på før. Når det gjeld mykje vatn køyrer ein på slede om vinteren og på vogn om sommaren. Ein har ikkje serskild køyregogn til dette.

7/ Stort sett svvara på under 5. Vatn er innlagt i alle heimar. Fleire fjøs har automatiske drikkekar. Men innlegget er mange stader gammalt og dårleg planlagd så eigarane ofte har mykje arbeid med å halda det i orden. Dei fleste innlegga er frå før 1900.

1434

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Preve Lyngnes,
Steinsvik på Linnmire.

M. r. d.

Dalsfjord.


I samarbeid med
KULTURGEOGRAFISK REGISTRERING
PÅ VESTLANDET

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

Vedk. spørsmål 5. vannbæring og tilleggsspørsmål til nr. 12.
Alt dette er heilt ukjent i vår bygd.

3256

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING